

# St.prp. nr. 10

(2003–2004)

## Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 60/2003 av 16. mai 2003 om innlemming i EØS-avtala av europaparlaments- og rådsforordning nr. 1991/2002 om arbeidskraftundersøkingar i Fellesskapet

*Tilråding fra Utanriksdepartementet av 24. oktober 2003,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Bondevik II)*

### 1 Bakgrunn

Ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 60/2003 vart det vedteke å endre vedlegg XXI til EØS-avtala ved å innlemme europaparlaments- og rådsforordning nr. 1991/2002 av 8. oktober 2002 om arbeidskraftundersøkingar i Fellesskapet. Forordning 1991/2002 justerer rådsforordning (EF) nr. 577/98 om organisering av arbeidskraftundersøkingar i Fellesskapet, som er teke inn i vedlegg XXI til EØS-avtala. Føremålet er å endre arbeidskraftundersøkinga til ei kontinuerleg undersøking som kan gje både kvartalsvise og årlege resultat.

Stortinget vert gjennom denne proposisjonen invitert til å samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen. Då avgjerdet inneber visse økonometriske konsekvensar for utbygginga av norsk statistikk, vart det frå den norske sida teke atterhald for Stortinget sitt samtykke til godkjenning av avgjerdet i EØS-komiteen i medhald av § 26 andre ledet i Grunnlova og artikkel 103 i EØS-avtala.

Europaparlaments- og rådsforordninga og utkastet til avgjerdet i EØS-komiteen i uoffisiell norsk omsetjing følgjer som trykte vedlegg til proposisjonen.

### 2 Nærmore om forordninga

Forordninga endrar rådsforordning (EF) nr. 577/98 til å verte ei kontinuerleg undersøking med kvartalsvise og årlege resultat. Forordninga inneber at Noreg må tilpasse arbeidskraftundersøkinga si (AKU) til rådsforordning (EF) nr. 577/98. Tilpassinga inneber dels endringar i eksisterande spørjesevensar og definisjonar, og dels ein utvida datafangst. Sjølv om Noreg allereie har ei kontinuerleg arbeidskraftundersøking, er det berre i det andre kvartalet kvart år at heile variabellista vert samla inn. Endringa inneber at det også i dei andre kvartala i året vert samla inn data for ei rekke nye variabler som er definerte som kjernevariabler. Vidare manglar det data for hushaldsmedlemmer som ikkje formelt er i den same kjernefamilien. Endeleg vil det årleg vere tilleggsspørsmål som roterer mellom ulike tema.

Utvidinga av arbeidskraftundersøkinga vil gje fleire føremoner for Noreg også. Ved å inkludere dei nye variablane kjem Noreg med i fleire analyssar som vert gjorde internasjonalt, mellom anna av OECD. Gjennom tilpassingar av definisjonar vert også norske tal meir samanliknbare med tal frå

EU-statar. Statistikktilbodet frå arbeidskraftundersøkinga vert dessutan større for brukarar i Noreg.

Viktige utvidingar er til dømes måling av overtidsbruk, fråvær, opplæring/etterutdanning, om-sorgsplikter, funksjonshemma og arbeidsmarknaden, eldre og arbeidsmarknaden, arbeidstidsordningar og høvet til å nytte hushald som analyseeininger. Vidare medfører forordninga endring av aldersdefinisjonane og justerte definisjonar av sys-selsetjing, arbeidsløyse og undersysselsetjing.

Fleire av utvidingane gjeld variablar som inn-går i lista over strukturindikatorar som er knytte til Lisboa-prosessen, og variablar som vert nytta som grunnlag i aksjonsplanen for korttidsindikatorar. Lisboa-prosessen er basert på vedtaket i Det euro-peiske rådet i Lisboa i mars 2000 om ein tiårsstrategi for sysselsetjing, økonomiske reformar og sosial samhøyrsle innan Europa. Målsetjinga med Lisboa-prosessen er å gjere EU til den mest konkurransedyktige og dynamiske kunnskapsøkonomien i verda. Eit hjelpemiddel i denne prosessen er samanlikning av landa gjennom referanse-testing basert på eit sett av strukturindikatorar for ulike samfunnsområde. EØS/EFTA-statane følger denne prosessen mellom anna gjennom arbeidskraftundersøkinga.

Forordninga føreset at omlegginga startar i 2003, men den største delen av omlegginga vil finne stad i 2004. Frå og med januar 2005 går ein ut frå at utvidinga av arbeidskraftundersøkinga skal vere fullførd for alle EU-landa.

### 3 Avgjerda i EØS-komiteen

EØS-komiteen vedtok at følgjande vert føyd til i punkt 18a (rådsforordning (EF) nr. 577/98) i vedlegg XXI til EØS-avtala.

«som endra ved:

- 32 002 R 1991: – Europaparlaments- og rådsforordning nr. 1991/2002 av 8. oktober 2002 (EFT L 308 av 9.11.2002, s. 1)»

Vidare er det nemnt i artikkel 3 at avgjerda skal ta til å gjelde 17. mai 2003, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar i medhald av artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala. Ei tilføyning om at Noreg seinast 23. desember 2003 skal ha sett i verk dei tiltaka som er naudsynte for å etterleve forordninga, vart stroken i den endelege avgjerda.

### 4 Gjennomføringa i norsk rett

Forordninga krev ikkje lov- eller forskriftsendlingsar.

### 5 Økonomiske og administrative konsekvensar

Statistisk sentralbyrå har gjennom statistikklova av 16. juni 1989 fått i oppgåve å vere det sentrale organet for utarbeiding og spreieing av offisiell statistikk. Som ein del av dette har Statistisk sentralbyrå hovudansvaret for internasjonalt statistikkmarbeid. Med omsyn til EØS-samarbeidet vil dette seie at Statistisk sentralbyrå har hovudansvaret for oppfølginga av protokoll 30 i EØS-avtala og dei tilhøyrande pliktene som er fastsette i mellom anna vedlegg XXI.

Dei omleggingane som forordninga krev, vil føre til auka kostnader for Statistisk sentralbyrå. Ein reknar med at ho samla vil krevje 4 mill. kr i 2004, 3,5 mill. kr i 2005 og 2,6 mill. kr kvart år frå og med 2006. Dei auka kostnadene vert dekte innanfor dei ordinære budsjetttramme til Statistisk sentralbyrå (kap. 1620).

Framlegget medfører ikkje vesentlege administrative konsekvensar.

### 6 Vurdering og tilråding

Gjennomføringa av arbeidskraftundersøkingane i forordninga vil gjere det mogleg å samanlikne norsk statistikk og EU sin statistikk. Samstundes som statistikktilbodet frå arbeidskraftundersøkingane vert større for brukarar i Noreg, vil inkludering av fleire variablar føre til at Noreg kjem med i fleire analysar som vert gjorde internasjonalt. Arbeidskraftundersøkinga vert difor rekna som ein viktig del av EØS-samarbeidet.

Finansdepartementet tilrår at Noreg godkjenner avgjerd i EØS-komiteen nr. 60/2003 av 16. mai 2003 om endring av vedlegg XXI til EØS-avtala ved å innlemme europaparlaments- og rådsforordning nr. 1991/2002 om arbeidskraftundersøkingar i Fellesskapet.

Utanriksdepartementet sluttar seg til dette.

Utanriksdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 60/2003 av 16. mai 2003 om innlemming i EØS-avtala av europaparlaments- og rådsforordning nr. 1991/2002 om arbeidskraftundersøkingar i Fellesskapet.

---

**Vi HARALD, Noregs Konge,**

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 60/2003 av 16. mai 2003 om innlemming i EØS-avtala av europaparlaments- og rådsforordning nr. 1991/2002 om arbeidskraftundersøkingar i Fellesskapet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### **til vedtak om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 60/2003 av 16. mai 2003 om innlemming i EØS-avtala av europaparlaments- og rådsforordning nr. 1991/2002 om arbeidskraftundersøkingar i Fellesskapet**

I

Stortinget gjev samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 60/2003 av 16. mai 2003 om innlemming i EØS-avtala av europaparlaments- og rådsforordning nr. 1991/2002 om arbeidskraftundersøkingar i Fellesskapet.

---

## **Vedlegg 1**

# **EØS-komiteens beslutning nr. 60/2003 av 16. mai 2003 om endring av EØS-avtalens vedlegg XXI (Statistikk)**

EØS-KOMITEEN HAR –

under henvisning til avtalen om Det europeiske økonomiske samarbeidsområde, endret ved protokollen om justering av avtalen om Det europeiske økonomiske samarbeidsområde, heretter kalt «avtalen», særlig artikkel 98, og

på følgende bakgrunn:

1. Avtalens vedlegg XXI er endret ved EØS-komiteens beslutning nr. 17/2003 av 31. januar 2003<sup>1</sup>.
2. Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1991/2002 av 8. oktober 2002 om endring av rådsforordning (EF) nr. 577/98 om tilrettelegging av en arbeidskraftundersøkelse i Fellesskapet<sup>2</sup>, skal innlemmes i avtalen –

BESLUTTET FØLGENDE:

### *Artikkel 2*

Teksten til forordning (EF) nr. 1991/2002 på islandsk og norsk, som vil bli kunngjort i EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende*, skal gis gyldighet.

### *Artikkel 3*

Denne beslutning trer i kraft 17. mai 2003, forutsatt at EØS-komiteen har mottatt alle meddelelser etter avtalens artikkel 103 nr. 1<sup>3</sup>.

### *Artikkel 4*

Denne beslutning skal kunngjøres i EØS-avdelingen av og EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende*.

Utferdiget i Brussel, 16. mai 2003.

### *Artikkel 1*

I avtalens vedlegg XXI nr. 18a (rådsforordning (EF) nr. 577/98) tilføyes følgende:

«, endret ved:

- **32 002 R 1991:** Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1991/2002 av 8. oktober 2002 (EFT L 308 av 9.11.2002, s. 1).»

For EØS-komiteen

Formann

P. Westerlund

EØS-komiteens sekretærer

P.K. Mannes

M. Brinkmann

<sup>1</sup> EUT L 94 av 10.4.2003, s. 76, og EØS-tillegget til EUT nr. 19 av 10.4.2003, s. 21.

<sup>2</sup> EFT L 308 av 9.11.2002, s. 1.

<sup>3</sup> Forfatningsrettslige krav angitt.

## Vedlegg 2

# **Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1991/2002 av 8. oktober 2002 om endring av rådsforordning (EF) nr. 577/98 om tilrettelegging av en arbeidskraftundersøkelse i Fellesskapet**

**EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN  
EUROPEISKE UNION HAR –**

under henvisning til traktaten om opprettelse av Det europeiske fellesskap, særlig artikkel 285 nr. 1,

under henvisning til forslag fra Kommisjonen<sup>1</sup>, under henvisning til uttalelse fra Den økonomiske og sosialekomité<sup>2</sup>,

etter framgangsmåten fastsatt i traktatens artikkel 251<sup>3</sup>, og

ut fra følgende betraktninger –

1. I rådsforordning (EF) nr. 577/98<sup>4</sup> er det fastsatt grunnleggende bestemmelser for en arbeidskraftundersøkelse med sikte på å framskaffe sammenlignbare statistiske opplysninger om sysselsettingens og arbeidsledighets omfang, struktur og utvikling i medlemsstatene.
2. En rask gjennomføring i alle medlemsstater av den fortløpende arbeidskraftundersøkelsen som kreves i forordning (EF) nr. 577/98 ble ansett som et prioritert tiltak i handlingsplanen for statistikkrapport i ØMU som ble godkjent av Rådet 19. januar 2001.
3. Det har nå gått tilstrekkelig lang tid siden forordning (EF) nr. 577/98 trådte i kraft til at alle medlemsstater burde ha kunnet treffe de tiltak og inngått de forpliktelser som er nødvendige for en fullstendig gjennomføring av nevnte forordning. Imidlertid har ikke alle medlemsstater truffet slike tiltak og inngått slike forpliktelser. Unntaksbestemmelsen som gir medlems-

statene adgang til å begrense seg til en årlig undersøkelse, bør derfor gjøres tidsbegrenset.

4. De tiltak som er nødvendige for gjennomføringen av forordning (EF) nr. 577/98, bør vedtas i samsvar med rådsbeslutning 1999/468/EF av 28. juni 1999 om fastsettelse av nærmere regler for utøvelse av den gjennomføringsmyndighet som er tillagt Kommisjonen<sup>5</sup>.
5. Forordning (EF) nr. 577/98 bør derfor endres tilsvarende.
6. Komiteen for De europeiske fellesskaps statistikkprogram, nedsatt ved rådsbeslutning 89/382/EØF, Euratom,<sup>6</sup> har vært rådspurt i samsvar med beslutningens artikkel 3 –

## **VEDTATT DENNE FORORDNING:**

### ***Artikkel 1***

I rådsforordning (EF) nr. 577/98 gjøres følgende endringer:

1. I artikkel 1 skal annet ledd lyde:  
«Undersøkelsen skal være fortløpende, og skal framskaffe resultater på kvartals- og årsbasis. I en gjennomgangsperiode, som ikke skal vare lenger enn ut 2002, skal de medlemsstater som ikke er i stand til å gjennomføre en fortløpende undersøkelse, utføre en årlig undersøkelse, som skal finne sted om våren.  
Unntaksvise forlenges overgangsperioden
  - a. til 2003 for Italia,
  - b. til 2004 for Tyskland, under forutsetning av at Tyskland som erstatning framlegger kvartalsvise anslag for de viktigste aggregatene i arbeidskraftundersøkelsen samt årlige gjennomsnittsanslag for visse nærmere angitte aggregater i arbeidskraftundersøkelsen.»
2. Artikkel 8 skal lyde:  
«Artikkel 8  
Framgangsmåte
  1. Kommisjonen skal bistås av Komiteen for

<sup>1</sup> EFT C 270 E av 25.9.2001, s. 23.

<sup>2</sup> EFT C 48 av 21.2.2002, s. 67.

<sup>3</sup> Uttalelse fra Europaparlamentet av 11. desember 2001 (EFT C 177 E av 25.7.2002, s. 30), Rådets felles holdning av 15. april 2002 (EFT C 145 E av 18.6.2002, s. 122) og Europaparlamentsbeslutning av 11. juni 2002 (ennå ikke offentliggjort i EFT).

<sup>4</sup> EFT L 77 av 14.3.1998, s. 3.

<sup>5</sup> EFT L 184 av 17.7.1999, s. 23.

<sup>6</sup> EFT L 181 av 28.6.1989, s. 47.

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 60/2003 av 16. mai 2003 om innlemming i EØS-avtala av europaparlaments- og rådsforordning nr. 1991/2002 om arbeidskraftundersøkingar i Fellesskapet

De europeiske fellesskaps statistikkprogram, nedsatt ved artikkel 1 i rådsbeslutning 89/382/EØF, Euratom<sup>7</sup>.

2. Når det vises til dette nummer, får artikkel 5 og 7 i beslutning 1999/468/EF<sup>8</sup> anvendelse, idet det tas hensyn til beslutningens artikkel 8.  
Tidsrommet fastsatt i artikkel 5 nr. 6 i beslutning 1999/468/EF settes til tre måneder.
3. Komiteen skal vedta sin forretningsorden.»

#### *Artikkel 2*

Denne forordning trer i kraft dagen etter at den er kunngjort i *De europeiske Fellesskaps Tidende*.

Denne forordning er bindende i alle deler og kommer direkte til anvendelse i alle medlemsstater.

Utferdiget i Luxembourg, 8. oktober 2002.

*For Europaparlamentet*

P. COX

*President*

*For Rådet*

T. PEDERSEN

*Formann*

---

<sup>7</sup> EFT L 181 av 28.6.1989, s. 47.

<sup>8</sup> EFT L 184 av 17.7.1999, s. 23.





Grafisk produksjon: GCS allkopi – Oslo. Oktober 2003